

NORCONSULT AS AVD BERGEN  
Valkendorfgate 6 5012 BERGEN

Att: Eirik Fjereide

---

<b>Dato</b>	25.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/87161-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Sveinung Klyve
<b>E-post</b>	Sveinung.Klyve@vlfk.no
<b>Telefon</b>	95987501

## Godkjenning av fysisk tiltak i vassdrag - oppdimensjonering - kulvert/rør - 188/116 - 188/802 - Alver

**Norconsult får på vegne av Alver kommune løyve til å utføre tiltak med bytting av kulvert nedanfor Kvassnesstemma med dei avbøtande tiltak som er beskreve i dette løyvet.**

Løyvet er gitt med heimel i § 1 i forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av 15. november 2004, § 1 a som seier at utan løyve frå statsforvaltaren eller fylkeskommunen er det forbode å sette i verk fysiske tiltak som fører til eller kan føre til fare for at produksjonshøva for fisk eller andre ferskvassorganismar vert skada. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller delar av vassdrag som ikkje fører anadrome laksefisk eller kreps.

Løyvet frittek ikkje søkar frå å avklare saka etter anna lovverk. Løyvet blir gitt utan ansvar med omsyn på nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege forhold. Løyvet gjeld ikkje dersom NVE vurderer at tiltaket er konsesjonspliktig eller at kommunen ikkje godkjenner tiltaket etter plan- og bygningslova.

### Fakta fra søknaden, sitat:

«Tiltaket kommer som en konsekvens av fremtidig økt vannføring i vassdraget, ifm med omlegging av Loneelva. I dag ligger det et DN600 mm betongrør som fører elven under eksisterende gangveg. Dette punktet vil bli en flaskehals og røret har for liten kapasitet når Lonelva legges om. Som et nødvendig tiltak, planlegges det å få lagt ned nytt betongrør i dimensjon DN1600 mm, for å ivareta tilstrekkelig kapasitet ved omlegging av Lonelva. Det må brukes maskiner for å grave opp eksisterende rør, og legge ned nye rør. Elvebunn må også senkes. Vegetasjon langs vassdraget kan bli påvirket i et veldig lite omfang. Tiltaket gjelder en svært begrenset del av vassdraget, og utførende entreprenør vil være påpasselig med ut- og inntransport av masser dersom det skal gjøres i gytetid. Det må tilstrebes og bruke stein med finere substrat, dvs. stein på størrelse med en knyttneve eller mindre, og det bør være runde steiner og ikke sprengstein med spisse kanter. Det må brukes omfyllingsmasser rundt røret. Her vil det gjøres tiltak for å forhindre at massene flyter nedover elven og kan ødelegge gyteplasser lengre nede i elven (hvis de eksisterer). Natursteinsmuren vil også fungere som en stengsel for å holde massene på plass. For vurdering av fisk i utløpselv mot sjø, vises det til eget notat datert 05.09.22 som er vedlagt søknad. Det presiseres at tiltaket gjelder et veldig lite område av elven, og natursteinsmur på begge sider av gangveg vil stabilisere og holde tilførte masser på plass, slik at ikke fint substrat vil bli vasket nedover elven mot eventuelle gyteplasser nedstrøms tiltaket.»

### Vurdering:

Det er snakk om bytting av eksisterende røyr med eit røyr med større dimensjon i ein lengde på ca. 12 m. Ovanfor røret blir elva open opp til demningen i Kvassnesstemma som tidlegare. Nedanfor blir også elva open der ho fort går brattare nedover mot sjøen. Det er fiskebestand av aure i området og den må takast vare på med dei avbøtande tiltak som er beskreve i søknaden.

Tiltaket ligg i vassførekomst, vassførekomstid: Elv: 064-342-R Bekker Dalabygdi m.m. som er i god tilstand i vann-nett. Det er opplyst frå Statsforvaltaren at tiltaksområdet ikkje fører laks eller sjøaure, men innlandsaure. Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8–12. Vestland fylkeskommune meiner kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte vedtak i saka (§ 8). Etter vårt syn er §§ 8–12 i naturmangfaldlova følgt.

### Konklusjon

Norconsult får på vegne av Alver kommune løyve til å utføre tiltak med bytting av kulvert nedanfor Kvassnesstemma på følgjande vilkår:

- Sikring av elvekantar må leggast på ein slik måte at ein hindrar undergraving.
- Sikringa må ikkje medføre innsnevring av elveløpet.
- Dersom det må hentast massar utanfrå, skal desse vere reine og utan avfall.
- Dersom det i anleggsperioden er fare for avrenning til vassdraget skal det nyttast metodar som reduserer risikoen i størst mogeleg grad.
- Ved legging av ny kulvert må ein unngå vandringshinder for fisken.
- Ved bytting av røyr ovanfor og nedanfor kulvert, må desse leggast slik at det ikkje vert vandringshinder for fisk.

**Klagerett**

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er mottatt. Ei eventuell klage skal de sende via Vestland fylkeskommune.

Med helsing

**John Anton Gladsø**

seniorrådgjevar

INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

**Sveinung Klyve**

seniorrådgjevar

INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

ALVER KOMMUNE

Njøsavegen 2

Postboks 4